

Saksofonist med ei stor tone

12.11.2014

Ho har ei stor tone og spelar melodisk og av og til med ei distinkt blueskjensle. Det skriv den danske Orkesterjournalen om Christina Dahl som laurdag kveld spelar i Dønhaugkjedlaren saman med 3 musikarar som også har fått mykje godord. Politiken er ikkje snauare: Den rette miksen av rolige og intense uttrykk blei flott reflektert i hennar lydbilete.

Christina har hausta svært gode kritikkar for musikken sin heilt sidan debuten i 1992 og no med den siste plata som heiter Life is a carousel. Det heiter i pressen at ho skapar ei intens oppleving gjennom komposisjonane sine. Alle har symbolske relasjonar til livet med sin rikdom i alle former og fargar. Det gjeld både ytterpunkter, kontraster og sårbarhet og ho startar alltid med å fortelle historien med saksofonen sin..

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen